



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokn

Årsrapport 2017



Frå hausttakkegudstenesta 22. oktober 2017 med utdeling av 4-årsbok. Tore Brudvik var liturg og kyrkjelydspedagog Magni Åm risa hadde preika. . Foto: J. Risa

Kombinert årsrapport frå sokneråd og fellesråd

Årsmelding frå Balestrand sokneråd som sokneråd (KL §9)

Årsrapport frå Balestrand sokneråd som fellesråd (KL §14)


Innhald	Side
1 Organisasjon	2
2 Målsetjing	3
3 Arbeidet i kyrkjelyden	4
4 Kyrkjeleg drift –fellesrådsdelen	9
5 Statistikk	15
6 Økonomi	17

Vedteken av Balestrand sokneråd 12.04.2018

Lagt fram for årsmøtet i Balestrand sokn (soknemøte) 15.04.2018

v.1.0 pr.12.04.2018

1 Organisasjon



1.1 Soknerådet

Balestrand sokneråd har åtte valde medlemer og fem varamedlemer. I tillegg til dei folkevalde er presten geistleg medlem av rådet og ein kommunal representant har røysterett i «fellesrådssaker», dvs. administrative saker som ligg under §14 i kyrkjelova. Leiar og nestleiar vert valde for eitt år om gongen.

Balestrand sokneråd er einaste sokneråd i kommunen og har etter kyrkjelova då både

- **soknerådsfunksjon** med ansvar for det kristelige livet i soknet jf. Kyrkjelova §9: Kyrkjeleg undervisning, trusopplæring, kyrkjemusikk, diakoni, offertildeling.

- **fellesrådsfunksjon** jf. Kyrkjelova § 14: Drift og vedlikehald av kyrkjer, kyrkjegardar, oppretting og nedlegging av stillingar, drift av kyrkjekontor, samt lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring, arbeidsgjevaransvar for tilsette.

Leiar	Helge Ottar	Ulvestad
Nestleiar	Åshild Alte	Sagevik
	Kari	Kvikne
	Ingrid Margrete	Menes
	Tore Magnus	Brudvik
	Jenny Kristin	Menes
	Anne-Brit	Balevik
	Margot	Ryssdal
Geistl medl	Kjetil	Netland
Komm repr	Frode Kleppe	Holgersen
1.vara	Malene Sværen	Mundal
2.vara	Just Gunvald	Olsen
3.vara	Liz-Janne Feidje	Nordeide
4.vara	Bjarne	Senneseth
Vara geistleg	Vegard Bondevik	Lie
Vara kom repr	Leif Gunnar	Vervik
Sekretær	Jostein	Risa

Møteverksemd

Balestrand sokneråd har i 2017 hatt 7 møte og handsama 54 saker (2016: 7 møte, 46 saker). Møta har i 2017 vore på kveldstid i kyrkjestova på Tjugum.

Særskilde saker i 2017

Av saker som *ikkje kjem fram andre stader i årsrapporten* kan det nemnast at soknerådet i 2017 har gjeve fråsegnar i fleire saker og høyringar:

Fråsegn: Situasjonen for konvertittar

Etter initiativ frå soknerådsleiar sende soknerådet ei fråsegn til Utlendingsnemnda (UNE) og Utlendingsdirektoratet (UDIR) om situasjonen for konvertittar. Fråsegna vart skriven etter dialog med Mellomkirkelig råd og støtta deira krav om sakkyndige vitneutsegner i kvar enkelt nemndsak og bad om fortgang i innføringa av alle fem punkta i «konvertittavtalen» mellom KrF og regjeringa frå 2014.

Høyringsfråsegn: Framlegg til nye reglar for val av sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøte

Soknerådet ynskte m.a. kombinasjon av direkte og indirekte (via sokneråda) ved val av bispedømeråd.

Høyringsfråsegn: Ny lov om trus- og livssynssamfunn (skal erstatte dagens kyrkjelov)

Soknerådet valde ei nemnd som la fram eit høyringsframlegg som så vart lagt fram for soknerådet og drøfta/justert før innsending. Høyringsfråsegna er publisert på regjeringa.no under høyringar.

1.2 Utval knytt til soknerådet

- Arbeidsutval (AU)
- Administrasjonsutval (partssamansett)
- Diakoniutval (DU)
- Trusopplæringsutval (TRU)
- Redaksjonsutval kyrkjelydsbladet

- Bygningsutval
 - Kyrkjestovenemnd
 - Forhandlingsutval løn kyrkjeverje
 - Kirkens Nødhjelp-kontakt
- Oversyn medlemer og mandat i vedlegg 1 s.19.

1.3 Årsmøte / soknemøte i 2017

Soknemøtet i Balestrand har ikkje formelle oppgåver i samband med kyrkjelyden sitt årsmøte, men kyrkjelyden får i møtet ei årleg orientering om det kyrkjelege arbeidet i tråd med Kyrkelova § 9.

I 2017 var det kalla inn til soknemøte på Nessane i etterkant av gudstenesta i Nesse sambrukshus 5. mars kl.17.00 der soknerådsleiar la fram årsmelding og rekneskap for 2016.

1.4 Samanslåing av fellesråd frå 2020 – val av fellesnemnd

Den 8.juni 2017 gjorde stortinget vedtak om samanslåing av kommunane Sogndal, Balestrand og Leikanger frå 1.1.2020. Det skal etter §5 i Kyrkelova vere eitt fellesråd i kvar kommune og Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd og Balestrand sokneråd må difor slåast saman frå same dato. Frå 2020 vil Balestrand sokneråd då endre status frå sokneråd i eittsoknskommune (med fellesrådsansvar etter KL § 14) til «berre» vanleg sokneråd etter kyrkelova §9.

Proessen i kyrkja liknar den kommunane må gjennom og det er valt ei kyrkjeleg fellesnemnd med omfattande mandat frå fellesråda og eit felles partssamansett utval (administrasjonsutval). Nemnda har seks medlemer med røysterett: To medlemer frå kvart fellesråd, ein geistleg medlem og ein kommunal representant. I tillegg har kyrkjeveverjene og ein tilsettrepresentant møte- og talerett. Samansetning av kyrkjeleg fellesnemnd finn ein i VEDLEGG 2.

Samanslåinga medfører ei omfattande omstilling for den kyrkjelege verksemda som involverer både fellesråd, sokneråd, tilsette, folkevalde, brukarar og andre samarbeidspartar. Stikkord: Verksemdsoverdraging med ny arbeidsgjevar, ny leiing, nye arbeidsavtalar og stillingsskildringar, nye lokale, nye reglement. Ny organisering av administrasjon, samkøyring av IKT-system, rekneskap og løn, arkiv osv. Lokalisering av kontor, leiarteam/fagteam, organisasjonskultur. Involvering av dei tilsette er sentralt i heile prosessen og stabane i dei tre kommunane var samla både på hausten og til felles julemiddag på Midtnes i desember.

Kyrkjeveverje i Sogndal og Leikanger (SL), Jorunn Merete Haukås-Eide vart frå starten valt til prosjektleiar og 12. desember tilsette fellesnemnda henne som kyrkjeveverje i den nye kommunen frå 2020. Kyrkjeveverja i Balestrand og ass. kyrkjeveverje i SL vil truleg gå inn på nivået under kyrkjeveverja, med kvar sine ansvarsområde.

2 Målsetjing

Visjon: "Å dele den gode skatten"

Soknerådet sin visjon er inspirert av 2.Tim 1,14 «*Ta vare på den gode skatten som er tiltrudd deg, ved Den heilage ande som bur i oss!*» I verksemdsplanen er visjonen konkretisert i desse hovudpunkta:

- Å bevare dei døypte i si dåpspakt
- Å kalle menneske i Balestrand til tru på Jesus Kristus og teneste for han
- Å gjere kyrkjelyden merksam på og utruste til sitt diakonale ansvar i nærmiljøet
- Å gjere kyrkjelyden merksam på sitt verdsvide misjonsansvar
- Å utvikle nådegåver og naturgåver til beste for heile Kristi lekam
- Å utøve eit godt personalarbeid og forsvarleg ivaretaking av kyrkjer og kyrkjegardar

Satsingsområde i 2017

Sitjande sokneråd har årleg drøfta satsingsområde for arbeidet og har i 2017 (sak 008/17) vedteke desse satsingsområda:

- **Ei kyrkje for folk flest.** Stikkord: Eldre (henting/transport). Inkluderande. Involvering. Universell utforming av lokale (lyd, lys, tilkomst)
- **Styrke barne- og ungdomsarbeidet.** Stikkord: Fokus på tida etter konfirmasjonen. Støtte opp om eksisterande arbeid. Leiartrening / inspirasjonssamlingar. Om mogeleg støtte også arbeid utanfor eige sokn.
- **Gode og kreative gudstenester og samlingar med Jesus/Bibelen i sentrum**
- **Diakonal tankegang inn på alle felt – også i trusopplæringa.**

3 Arbeidet i kyrkjelyden

3.1 *Gudstenester og kyrkjelege handlingar*

Gudstenestearbeidet

Gudstenestene har gått som planlagt utan avlysingar gjennom heile året, noko som ikkje er sjølvstøtt ut frå prestesituasjonen i prostiet andre halvår, sjå kapittel 4.1 om sjukemelding mm. Vikarane som har vore inne har gjort ein god jobb med å forkynne Guds ord, døype, samle kyrkjelyden ikring nattverdbordet, leie i forbøn og velsigne. Samstundes vil mange ulike personar føre til at kontinuitet og langsiktig kyrkjelydsbygging vert råka. Sjå også statistikk om gudstenester og deltaking på side 15.

Involvering

Balestrand sokneråd ser det som viktig å involvere kyrkjelyden i gudstenesta, både for å skape eigarskap til det som skjer og av di dette er positivt for frammøte. Her vert det arbeidd planmessig med å dele på oppgåver som kyrkjevert, klokkar, ansvar for barnesamlingar og ansvar for kyrkjekaffi. Konfirmantane har eit visst tal med gudstenester i året der dei hjelper kyrkjeverten og har oppgåver i samband med skriftlesing.

Arbeidet med å involvere song- og musikk-krefter i gudstenestene har ikkje fått same fokus når den faste presten har vore ute, men når ny organist no byrjar verte kjend i bygda, vil det verte meir vekt på dette.

Kyrkjekaffi

Soknerådet har dei siste par åra lagt opp til ein enkel kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene. Dette fremmer det sosiale livet i kyrkjelyden og har også eit diakonalt aspekt. Kyrkjetenar kjøper inn kjeks og lagar til kaffi, saft og kjeks før gudstenesta og så har ein kyrkjekaffiansvarleg ansvar for å setje fram, fylle på og rydde opp etter gudstenesta. Ved nokre av trusopplæringsgudstenestene vert det lagt opp litt meir «utvida» servering ved kyrkjekaffien.

Barnesamlingar

Med ny kyrkjestove på plass har det også i 2017 vore tilbod om barnesamlingar under preika ved mange av gudstenestene. Hovudmålgruppa har vore 4 år til 4. kl., men det har ikkje vore lagt så mykje vekt på aldersgrensene. Frå hausten har det også vore enkle samlingar i Sæle kyrkje (i det vesle rommet bak i kyrkja). Det er åtte frivilljuge som deler på å ha opplegget og dei har hatt tilbod om å nytte materiell frå søndagsskulen sitt «Sprell Levende» som kyrkjelyden abonnerer på. Rut Solveig Nydal Netland har teke ansvar for å spørje folk til desse tenestene også etter at ho slutta som kyrkjelydspedagog i april.

Sjå elles statistikk for gudstenester s.15 og kyrkjelege handlingar på s.15 med kommentarar.

3.2 *Barne- og ungdomsarbeid*

Når det er snakk om statsstøtte til trusopplæring vert det skilt mellom det kontinuerlege arbeidet og breiddetiltaka i trusopplæringa. Statsstøtta skal gå til breiddetiltaka i trusopplæringsplanen. NB! Finansieringa av stillinga som kyrkjelydspedagog i Balestrand er delt omtrent likt mellom statsstøtte og lokale midlar, så difor kan stillinga i Balestrand brukast både til kontinuerlege tiltak og breiddetiltak.

Kontinuerleg arbeid

Mange born og unge samlast jamleg til kontinuerleg trusopplæring innanfor dei frivillige kristne barne- og ungdomsorganisasjonane. Dette er eit uvurderleg arbeid der frivillige tek ansvar og gjer ein fantastisk jobb frå veke til veke. Tusen takk til leiarane! Soknerådet ynskjer å støtte opp om dette arbeidet, t.d. gjennom samarbeid om T-dagar, oppmoding om deltaking og år om anna tilbod om leiartrening eller inspirasjonssamlingar.

- **Spiren** (4 år -2.kl, barneforeining NLM) ca. 30 deltakarar totalt, gjennomsnitt på 22.
- **Addis** (3.-7.kl, barneforeining NLM) ca. 25 deltakarar totalt, gjennomsnitt på 23.
- **Balestrand søndagsskule** (3-6 år, søndagsskule) har no samlingar under Bedehuset sine søndagssamlingar. 10-15 deltakarar
- **Tårnagentane** (frå 1.kl, høyrer til Balestrand søndagsskule, sjå over) 10-15 deltakarar
- **Tysdagsskulen i Fjordane** (Søndagsskule på kvardag) – 12 deltakarar i 2017.
- **Barnesamlingar** under gudstenestene. (4-10 år) drive av frivilljuge. (Sjå kap. 3.1)
- **Bibel og knappar** (ca. 2.-7.kl, bibelundervisning mm) – i heim. Ca 10 deltakarar.

- **BALUBA** (5 år- 4 kl., barnekor) - ca. 10 deltakarar
- **JOY** (no 5.-8.kl., tweenskor) – 10 deltakarar i 2017.
- **Nestenåring** (5-8.kl. , klubb / bibel- og samtalegrupper) på bedehuset /nokre samlingar i heimane. 23 deltakarar i 2017.
- **KRIK** (8.kl til 3.kl vgs, idrett og andakt) – minst 40 ulike innom kvart år (20-30 kvar gong)

Trusopplæring - Breiddetiltak med invitasjon til heile årskull

Kyrkjelydspedagogen sitt hovudansvar er å fylgje opp tiltaka i trusopplæringsplanen (under) i lag med presten og med støtte frå trusopplæringsutvalet.

Trusopplæringsplanen

Trinn	TILTAK	Fødselsår involverte	Tidsrom 2017	Deltak. 2017
T0	Dåp	2017 2016	Dåpsgudsteneste med dåpssamtale før - heile året. Dåpslysestake.	5
T0 T1 T2	Balestrand babysong	2017 2016 2015	Samling kvar 14.dag på helsestasjonen vår og haust	9
T4	4-årsbok samling	2013	Haust	7
	4-årsbok gudsteneste	2013		7
T5	T-dag i lag med barnekoret Baluba	2012 2011 2010	Januar og november	2 (10 tot)
T6	T-dag med barnelaget Spiren	2011 2012 2013	Haust	Ikkje i 2017
T6	6-årsbok samling	2011	Mai	3
	6-årsbok gudsteneste			
T8	T-dag med tårnagentar, Balestrand søndagsskule	2009 2008 2007	Januar	Ikkje i 2017
T8	Tårnagenthelg med tårnagentsamling og gudsteneste	2009 2010	Kvart 2.år med to alderskull Vår	Ikkje i 2017
T9	T-dag i lag med barnelaget Addis	2009 2008 2007	Haust (ikkje i 2016)	28
T11	Bibel til 11-åringar	2006	Januar	6
T11	Minikonfirmasjon	2006	4 samlingar januar- april +Minikonfirmanttdag (2017)	6
T14 T15	Konfirmasjon	2002 2003	Konfirmasjonsundervisning 1,5 timar kvar 14.dag mm gjennom skuleåret. 60 timar til saman. Konfirmanter deltek på gudstenester.	5+11=16
T16 T17 T18	Ung messe	2002 2001 2000 1999	I St. Olafs 15/9 og på Sygna vgs 9/11	70

Det største tiltaket i trusopplæringsplanen: Konfirmasjonstida med 60 timar.

I Balestrand brukar vi konfirmanntopplegget FØLG MEG. Seks ungdomar vart konfirmerte 30.april 2017 fordelt på to gudstenester, ei i Tjugum kl.10.00 og ei i Sæle kl.11.00. Fem av konfirmanntane har fylgt undervisninga i Balestrand, ein i Høyanger. Det har vore samlingar ca. annankvar torsdag, på bedehuset og utandørs. I januar var konfirmanntane med på konfirmanthelg på Alværa saman med jamaldringar frå Lavik og Hyllestad. Ved fasteaksjonen i april gjekk dei med bøsser for Kirkens Nødhjelp.

Soknerådet inviterte i 2017 til konfirmantfest på Nesse sambrukshus etter samtalegudstenesta 23. april. Avslutninga av konfirmantåret vart markert med heimelaga betasupe og kaker for konfirmantar og familie. Fjorårskonfirmantar og Sygna-elevar som hadde vore med på konfirmanthelga bidrog med underhalding.

Skuleåret 2017/2018 er det 11 konfirmantar og Sygna-lærarane Gunn Berit Bøthun og Laila Vang har hatt ansvar for konfirmantundervisninga medan presten har vore sjukemeld. Når samlingane har vore utandørs, har dei gjerne grilla pølser. Elles har foreldre bytt på å bidra med mat til samlingane. Konfirmantåret starta med Kick-Off på Sygna og konfirmantane har elles delteke ved to ungdomsgudstenester: Ung messe i St. Olafs 15.9 og på Sygna vgs 9.11. Laurdag 11.11 deltok konfirmantane med eit lag på nattcup ved Sygna vgs.

To deltakarar frå Balestrand på trusopplæringskonferansen 2017

Den årlege trusopplæringskonferansen i DnK onsdag 19.oktober samla oppunder 2000 tilsette og frivilljuge innan trusopplæring mm på Gardermoen. Kyrkjelydspedagogen og kyrkjeverja reiste i år i lag for å få inspirasjon gjennom relevante seminar, møte andre med same oppgåver, utveksle idear og verte oppdatert på kva materiell og tilbod som finst (og handle materiell til rabatterte prisar). Turen vart kombinert med eit IKO-kurs dagen etter om trusopplæring for «Tweens» - aldersgruppa mellom barn og tenåring.

Samarbeid med barnehage og skule

Det er eit godt samarbeid mellom kyrkja og barnehagane og skulane i Balestrand. I statistikken er det registrert to besøk i barnehagen (påske og jul, tot 6 avdelingar) og tre skulebesøk (totalt 11 klassar).. Det er innarbeidd praksis med **skulegudstenester** i St. Olafs kyrkje i juni, denne gongen fredag 9.juni (1.-6.kl og 7.-9.kl) ved Rut Solveig Nydal Netland som prestevikar (lek gudstenesteleiar). Den anglikanske presten deltok i baa skulegudstenestene.

Før jul vart det arrangert julevandring der både femåringane frå Sagatun barnehage, førsteklassingane på Sagatun skule og elevane på Fjordtun deltok onsdag 6.desember. Ideelt sett skulle vandringa vore i ei av kyrkjene, men Bedehuset Betel ligg betre plassert og fungerer tilfredsstillande. Kyrkjelydspedagogen drog i trådane og hadde med seg Kjersti Brudvik, Margot Ryssdal og Jostein Risa i ulike roller.

Oppdeling av trusopplæringseininga Vik-Balestrand frå 2018

Etter åtte år med Vik-Balestrand som ei trusopplæringseining har sokneråda i eininga konkludert med å dele opp trusopplæringseininga frå 2018 og tilhøyrande stilling etter kommunegrensene (og fjorden). Dette vert vurdert som meir føremålstenleg i høve lokal tilknytning og ressursutnytting. Grunngeving:

- Vedteken kommunesamanslåing mellom Balestrand, Sogndal og Leikanger.
- Redusere reisekostnader og reisetid.
- Lette situasjonen for tilsett ved å få eitt kontor og ein stab å halde seg til.
- Ynskjer ideelt sett tilsette som bur og jobbar sames stad jf. lokal tilknytning.
- Lettare å rekruttere til deltidsstilling lokalt? (det var uansett deltidsstilling for heile eininga).

3.3 Misjonsarbeid

Misjonsprosjektet i Romania avslutta etter vårsemesteret

Sidan 2007 har kyrkjelyden hatt misjonsavtale med Den norske Israelsmisjon med støtte til ein messiansk kyrkjelyd i Romania med fokus på evangelisering og diakoni blant jødar og andre. I laupet av ti år har Balestrand kyrkjelyd gjeve 110.000 kr fordelt på 40 offer til prosjektet! Misjonsavtalane går vanlegvis for fire år om gongen og etter 10 år med same misjonsprosjekt, fann soknerådet det naturleg å vurdere ein ny avtale.

Ny misjonsavtale med NMS med prosjekt i Mali frå hausten 2017

Etter å ha vurdert ulike organisasjonar valde soknerådet 11. mai å inngå avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) frå hausten 2017. Etter tilråding frå soknemøtet 19. november vedtok soknerådet 6. desember Mali som fokusland for misjonsavtalen dei neste fire åra (hausten 2017 – våren 2021). Det vart mellom anna lagt vekt på at Balestrand alt har ei tilknytning til Mali gjennom at familien Netland har vore misjonærar der for Normisjon, og at Ingvald Frøyen som for tida er pendlarmisjonær i Mali bur i fylket og slik kan syte for god oppfølging av avtalen. To hovudstikkord for NMS sitt arbeid i Mali er å gjere Jesus kjent blant fulanifolket og å kjempe mot omskjering av jenter.

Misjonsavtale inneber offer (hjá oss ca. 4 årlege offer) og høve for folk i kyrkjelyden til å støtte prosjektet direkte, forbøn i gudstenester og formidling av informasjon.

Innsamla til misjonsprosjektet dei siste åra:

År	2017	Romania	Mali	2016	2015	2014	2013	2012
Totalsum (kr)	11.908	4.199	7.709	11.062	10.925	12.459	10.696	12.353
Tal offer	5	2	3	4	5	4	4	4

3.4 Anna arbeid i kyrkjelyden

TID FOR TRU - Undervisning for vaksne: «500 år med Martin Luther»

Dette konseptet har gått som eit samarbeid mellom kyrkjelyden og Bedehuset Betel, nokre onsdagskveldar i halvåret dei siste åra. I 2017 var tema Martin Luther og reformasjonen - fordelt på fire kveldar frå 18. januar til 1. mars med kveldsmat, undervisning og samtale. Totalt 32 personar var innom ei eller fleire samlingar, mot 44 i 2016. Tema var valt i samband med markeringa av 500 år sidan reformasjonen og undervisinga var ved prost Kjetil Netland. Soknerådet gjorde i mai vedtak om å ta pause frå «Tid for tru» frå hausten, med var positive til å ta opp att konseptet seinare.

Dagstur til Hyllestad på 1. pinsedag, 4.juni 2017

Etter invitasjon frå Audun og Kari Systad reiste totalt 31 personar til Hyllestad 1. pinsedag for å feire høgtids-gudsteneste i Hyllestad kyrkje, ikring to år etter at Audun avslutta prestetenesta i Balestrand. Av dei som reiste var mange medlemmer i Balestrand songlag som deltok med song i gudstenesta. Audun Systad var liturg og Kjetil Netland hadde preika. På programmet stod kyrkjekaffi, orientering om ombygginga av Hyllestad kyrkje, omvising i kvernsteinsparken, felles middag på Storelia før kaffi og kaker heime hjå Audun og Kari.

Vaksengrupper

Mindre gruppefellesskap er for mange eit viktig supplement til gudstenestefellesskapen. Det er for tida ikring ti vaksengrupper i soknet med ulike profilar (husfellesskap, misjonsforeiningar, bibelgrupper, kvinnegruppe). Felles for dei fleste er at dei gjev høve til samtale, bøn/forbøn og til å lese Bibelen i lag.

Nattverdsamlingar, Andaktar og besøksteneste på helsetunet

Kjersti Brudvik (andaktar), Jan Herland (besøk og julegudsteneste), Kjetil Netland (nattverdsamlingar og andaktar på våren) og Ole Agnar Helland (nattverdsamlingar på hausten) har vore involverte i tenestene på Balestrand helsetun, oftast torsdagar kl. 17.00. I tillegg til eigne besøksdagar har det vore 18 andaktar (2016: 20), fem nattverdsgudstenester (2016: fire) og ei gudsteneste på julaftan.

3.5 Diakoni

Diakoniutvalet (DU) sitt arbeid

Diakoniutvalet har hatt 2 møte i 2017. Her er nokre av sakene diakoniutvalet har fokusert på i 2017:

Byteplass for klede «Kom og kjøp utan pengar»

Diakoniutvalet i Balestrand sette frå hausten 2016 i gang ein bytestasjon for klede lokalisert i første etasje i Bygdahuset. Han var open ca 20 gonger i 2017, men då DU evaluerte tiltaket på nytt i desember 2017, kom utvalet fram til at Byteplassen hadde gjort si teneste og vart avvikla. Siste opningsdag var 6. desember.

Besøksteneste

Soknerådet bad diakoniutvalet vurdere ei fast, friviljug besøksteneste. Diakoniutvalet sette inn eit stykke i kyrkjelydsbladet nr 1-2017 med oppmoding til å melde seg til besøksteneste, utan at det har kome noko respons på dette.

På Helsetunet er det eigne besøksdagar og også besøk i samband med andakt og nattverdsamling, sjå siste avsnitt under punkt 3.4. Diakonimedarbeidar Louise har også hatt rom for noko besøk i si stilling og har vore i kontakt med fleire pårørande etter dødsfall i 2017.

Andre saker

Før jul var utvalet som vanleg ansvarlege for å dele ut ei blomehelsing frå kyrkjelyden til pårørande som hadde mista nokon i året som hadde gått og mange uttrykker takksemd for å bli hugsa på denne måten. Diakoniutvalsmedlemene har også delteke med forbøn på Fastelavnsgudsteneste i Tjugum og vil stå som medarrangør ved fellesmiddagar for heimebuande eldre som er planlagt frå 2018 (i lag med Pensjonistlaget, Raudekrossen m.fl). DU ynskjer også være med og arrangere Skaparverkets dag i 2018.

Internasjonal diakoni: Fasteaksjon «Ja, vi elsker dette vatnet»

Den årlege fasteaksjonen med konfirmantar, foreldre og soknerådsmedlemer gav i 2017 ei totalinntekt på kr 25.980 Kirkens Nødhjelp (KN) sitt hjelpearbeid i heile verda. Dette tilsvarer 20,17 kr per innbyggjar og var 1270 kr mindre enn rekorden på kr 27.250 frå 2016. Kjersti Brudvik er vald til KN-kontakt i Balestrand og var med og organiserte aksjonen i lag med kyrkjevevja.

Diakonimedarbeidar har ansvar for Kafé Møteplassen

Louise Nilsson er fast tilsett i 12 prosent stilling som diakonmedarbeidar med drifta av Kafé Møteplassen som viktigaste arbeidsoppgåve. Målet med Kafeen er få til eit møtepunkt med låg terskel mellom dei nyaste og dei meir etablerte innbyggjarane i Balestrand og er ein god arena for språktrening og bygging av kjennskap og venskap. Louise har hjelp av frivillige til baking og litt praktisk hjelp. I 2017 har også nokre av flyktningane hatt språktrening på kafeen i samråd med NAV og har hatt ansvar for praktisk tilrettelegging og opprydding etterpå i lag med Louise. Soknerådet har jamleg evaluert tiltaket og behovet for vidare drift. Soknerådet ser stor verdi i dette arbeidet og vedtok seinast i mai å halde fram arbeidet med kafeen hausten 2017.

3.6 *Song- og musikkliv. Kulturelle tilbod.*

To barnekor i kyrkjelyden – Korfest med vitjing frå Vik 12.2

Vi er glade for å både ha Barnekoret BALUBA (frå 5 år) og «tweenskoret» JOY (frå 5.kl) som tek over når medlemene kjenner seg for store til å synge med dei minste. Kora bidreg med flott song i både gudstenester og andre samlingar. Både kora vert drivne av dyktige, frivillige medarbeidarar.

BALUBA søkte om støtte til T-skjorter til kormedlemene og koret fekk i januar 2017 eit tilskot til drifta på 2.000 kroner (utan øyremerking).

12.februar kom barnekoret «Kor Brrra!» frå Vik (dir. Rut Solveig Nydal Netland) på vitjing til Tjugum og i lag med BALUBA sytte dei for korfest både i gudstenesta og i kyrkjestova med mat og leikar etterpå.

Julekonsert i Tjugum kyrkje 10.desember

Organist Ole Agnar Helland var ansvarleg for og leia sin første julekonsert som organist den 10. desember. Medverkande: Grethe Elisabeth GjØra (song) frå Sygna med Mathias Stene på piano, Joy (dir. Gunhild Skåsheim), Damene (dir. Aud Laila Heier), Balestrand songlag (dir. BjØrg BjØberg) med ei gruppe frå Balestrand musikklag. Jorunn HØines (song og piano) vart også takka av som organist. Andakt ved diakonimedarbeidar Louise Nilsson.

3.7 *Samarbeid med andre*

Vi har eit godt samarbeid med **Sygna vgs**, til dømes ved samarbeid om Ung Messe. Ei av desse gudstenestene vart halde i møtesalen til Sygna. Fleire elevar frå Sygna deltek også som hjelpeleiarar i ulike trusopplæringstiltak.

Vi samarbeider godt med **Bedehuset Betel**, t.d. om Tid for tru, Nestenåring mm og vi er takksame for den innsatsen som vert lagt ned på bedehuset og i grupper for born og unge. Soknerådet leiger også bedehuset til nokre konfirmantsamlingar og andre trusopplæringssamlingar.

Vi har òg eit godt samarbeid med **dei engelske prestane** frå den anglikanske kyrkja som gjer teneste i St Olavs kyrkje i laupet av sommaren. Vi hjelper til å kunngjere gudstenestene deira, vi har ei til to felles, økumeniske gudstenester i året og dei deltek gjerne på skulegudstenestene.

I **prostiet** møtest kyrkjevevjerne eit par gonger i halvåret i «Sogn kyrkjevevjelag» og ofte er prosten med på desse møta. Her har ein kollegafelleskap, kan samarbeide, dele erfaringar og lære av kvarandre. 29.11 kom det vitjing frå BjØrgvin bispedømme der fellesrådsleiarane også var inviterte. Frå 2018 vil alle fellesrådsleiarane verte kalle inn til to av desse fellessamlingane – både for møte seg i mellom og i lag med kyrkjevevjerne.

3.8 Informasjonsarbeid

Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsbladet er ein god kanal for å nå ut til innbyggjarane og kom som vanleg ut med tre nummer i 2017. Det kom inn noko mindre friviljuge bladpengar enn budsjettet, men inntektene kom ut i pluss på grunn av høgare annonseinntekter. Dei to siste utgåvene vart av ulike grunnar distribuert av tilsette og soknerådsmedlemer på dugnad. Dette gav ei innsparing på ca 2.500 kroner. Færre sider gav ei innsparing på trykkekostnader på 3.500 og kyrkjelydsbladet enda med å koste soknerådet totalt kr 4.500, eit mindreforbruk i høve budsjettet på 7100. Redaksjonsnemnda har jobba godt og har også levert reportasjar og artiklar som går litt i djupna.

Plakatar, infoskjerm og avis

I 2017 har soknerådet halde fram med gudstenesteplakatar for ein månad/ei høgtid om gongen. Det vert kvar månad hengt opp ca 18 plakatar i heile kommunen. Plakaten vert også vist på infoskjermen til Joker i Holmen mot eit lite vederlag. Det vert fast sendt inn info til gudstenestesidene i Sogn Avis.

Heimeside – www.balestrand.kyrkja.no

Soknerådet driftar og marknadsfører heimesida balestrand.kyrkja.no som m.a. har informasjon om gudstenester, konfirmantplanar, skjema for innmelding av dåp og vigsel, søk etter gravlagde på kyrkjegardane, kyrkjegardsføresegner samt årsrapportar og kyrkjelydsblad til nedlasting.

4 Kyrkjeleg drift –fellesrådsdelen

I eittsoknskommunen Balestrand har soknerådet også fellesrådsfunksjon. Verksemda er regulert av kyrkjelova, gravferdslova, forvaltningslova, offentleglova og diverse ordningar og forskrifter. Balestrand sokneråd er medlem i KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon som inngår tariffavtalar og driv med rådgjeving, kurs og sentral samordning.

Administrasjon - Kyrjekontor i Sjøtunsvegen 6

Kyrjekontoret ligg i Sjøtunsvegen 6 og soknerådet leiger lokale av Balestrand Næringsbygg AS. Prest, kyrkjeverje og kyrkjelydspedagog har kvart sitt kontor. Møterom i 2.etasje.

4.1 Stillingar og tilsette

Stillingar/årsverk i soknet

Sjå organisasjonskartet på side 2. Ved utgangen av året hadde Balestrand sokn 1,97 årsverk (1,72 årsverk utanom kyrkjelydspedagogstillinga som høyrer til Vik). Ikkje vakansar i Balestrand sin del av stillingane.

Tilsette i 2017

Fast tilsette i Balestrand. Situasjonen pr.31.12.2017

Namn	Stilling	Stillings%	Tilsett frå	Merknad
Jostein Risa	kyrkjeverje/dagl leiar	80,00 %	15.02.2005	
Ole Agnar Helland	Organist	30,00 %	01.05.2017	Engasjement frå 1.5, fast tilsetjing frå 7.10
Fisseha Weldeyohannes Andemichael	Kyrkjetenar Tjugum	25,00 %	01.07.2017	Engasjement ut året i samråd med NAV. Fast tilsett frå 1.1.2018 (vedtak 6.12.2017)
Magni Åm Risa	Kyrkjelydspedagog i Balestrand	25,00 %	01.08.2017	25 % still i Balestr. Statstilskot til trusopplæring finansierer ca halve still. i B. Vakant: 25 % stilling i Vik etter oppdeling av stilling. Trusopplæringseining og -stilling vert endeleg delt frå 1.1.2018.
Louise Nilsson	Diakonimedarbeidar	12,00 %	15.08.2016	

Vikarar og tilsette på timebasis

Etter at Ole Agnar Helland vart tilsett frå 1. mai har det vore lite behov for **organistvikarar**, men før dette var desse engasjerte: Lars Einar Bakketeig (Vik/Sogndal), Gunn Berit Bøthun (Balestrand), Arild Slinde (Sogndal, tenestekjøp), Laila Vang (Balestrand) og Hallgeir Øgaard Westli (Leikanger tenestekjøp). Laila Vang var inne som vikar ved mange av gudstenestene på våren og soknerådet tilbød seg å dekke utgifter til opplæring på kyrkjeorgelet ved Hallgeir Westli, kontor på Leikanger.

Tilsette på **kyrkjegardane** på timebasis: Bjarne Hjartholm (plenslått Kvamsøy kyrkjegard og stell av graver) og Sølvi Sæle (steller graver på Sæle kyrkjegard mm).

Friviljuge **klokkarar** i Tjugum kyrkje: Bjørg F Bjøberg, Johanna S. Fagermoen, Ole Eilifsen, Magni Åm Risa. Arnborg Grinde vart 16. april takka for 14 år i teneste som klokkar (og endå fleire år som tekstlesar).

Friviljuge **klokkarar** Sæle kyrkje mm: Hallbjørg Eidhamar og Hege Beathe Bugge. Fast klokkarteneste i tidlegare Kvamsøy sokn (Sæle, Kvamsøy, Nessane) vart oppretta etter vedtak i soknerådet 6. juni 2017 med val av to personar i første omgang.

Jostein Risa var våren 2017 **kyrkjetenar** på timebasis ved gravferder, i Sæle kyrkje/Kvamsøy kyrkje/St. Olavs kyrkje og andre gudstenester utanfor kyrkjebygga. Dette kom i tillegg til jobben som kyrkjevevjer. Frå 1. juli 2017 har Fisseha W. Andemichael vore tilsett som kyrkjetenar med desse tenestene inkludert i stillinga slik at kyrkjevevja nesten ikkje lenger trengst som timevikar.

Endringar i staben i 2017

Det har vore fleire endringar i staben dei siste åra, men frå sommaren 2017 har det vore ein stabil situasjon med tilsette i alle fellesrådet sine stillingar, utan vakanse (heilt eller delvis) i Balestrand.

Ny kyrkjetenar og endring av kyrkjetenarstillinga

Aleksander Dale (elev ved Sygna vgs, busett på Lunde) sa opp 13,5 prosent stilling som kyrkjetenar i Tjugum kyrkje frå 1.7.2017 etter å ha vore inne på timebasis frå 1.8.2015 og seinare fast stilling som inkluderte reinhald i kyrkja og kyrkjestova. Han vart takka av i gudstenesta 12. november i Tjugum kyrkje.

Soknerådet valde å prøve ut ei samla kyrkjetenarstilling på 25 prosent for alle tenester i alle kyrkjer og gudstenestestader i heile Balestrand inkludert reinhald og frå 1. juli vart Fisseha Weldeyohannes Andemichael tilsett i eit seks månaders engasjement. Delar av løna vart dekkja av NAV dei første to månadene i samband med opplæring og ekstra oppfølging jf. språk. I samråd med NAV hadde han også hatt arbeids-trening som kyrkjetenar frå mai der han gjekk i lag med andre kyrkjetenarar. Fisseha og familien er opp-haveleg frå Eritrea der han jobba som byggeleiar og han har budd fem år i Balestrand. Etter utlysing av stillinga i november vart Fisseha i soknerådsmøtet 6.12 fast tilsett som kyrkjetenar i heile Balestrand frå 1.1.18.

Ny organist

Jorunn Andrea Høines vart tilsett som ny organist i Balestrand frå august 2015. Ho har vore ute i permisjon i samband med fødsel og permisjonen vart utvida over sommaren 2017. Ho fekk tilbod om full lærarstilling i Balestrand og sa opp stillinga som organist frå 6. oktober 2017. Ho vart takka av i samband med julekonserten 17. desember.

Ole Agnar Helland avslutta tenesta si som prostiprest med base i Vik den 1. mai. Frå same dag byrja han som organistvikar i Balestrand og etter utlysing av 30 prosent fast stilling i september, vart han tilsett i denne stillinga frå 7. oktober 2017. Ole Agnar er busett i Vik og med både teologi- og musikkutdanning har han gjennom åra veksla mellom å jobbe som prest og organist. Han kjenner kyrkjelyden i Balestrand etter vikarperiodar tidlegare.

Ny kyrkjelydspedagog og oppdeling av stillinga mellom Vik og Balestrand.

Rut Solveig Nydal Netland sa opp stillinga som kyrkjelydspedagog i Vik og Balestrand frå 16. april 2017 etter å ha fått 100 % fast stilling som lærar i vaksenopplæringa i Balestrand. Ho hadde då hatt stillinga frå august 2013 og vart takka av ved gudstenesta 11. juni

Balestrand sokneråd har vore vertsfellesråd for den felles stillinga, men dei kyrkjelege råda i Vik og Balestrand vart einige om å dele stillinga i to og lyse ut stillinga i Vik (25 prosent) og Balestrand (25 prosent av full stilling) kvar for seg. Sjå grunngjeving på slutten av kapittel 3.2, s.6.

Stillinga vart lyst ut i mai og Magni Åm Risa vart tilsett som kyrkjelydspedagog i Balestrand i 25 prosent av full stilling frå 1. august 2017. Magni har budd i Balestrand i oppveksten og så sidan 2003 og jobbar også som lærar på Sygna vgs i Balestrand

Helse – Miljø – Tryggleik (HMT)

Balestrand sokneråd har vedteke eit HMT-dokument som legg rammene for arbeidet. Balestrand sokneråd har som største arbeidsgjevar på kyrkjekontoret også HMT-ansvar for presten. HMT går både på det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet og stabsmøta er ein viktig del av HMT-arbeidet.

Soknepresttenesta – Arbeidsgjevar Bjørgvin bispedøme

Balestrand høyrer til Sogn prosti. Prost Kjetil Netland har ansvar for prestetenesta i heile Sogn prosti, men halvparten av prostestillinga er sett av til kyrkjelydsteneste. Etter avtale med biskopen vert denne delen av stillinga hovudsakleg nytta til soknepresttenesta i Balestrand. Etter ei intern roking av prestar mellom prostia, vert det etter avtale også tilført ressursar frå Sunnfjord prosti: Tenester ved inntil fem gudstenester, fem gravferder og fem vigslar (i praksis: fleire gudstenester og færre andre tenester).

Vikarar i 2017

Frå 6.juni og ut året var Netland sjukemeld og resten av året har gudstenester, gravferder og vigslar vore dekkja av vikarar. Kyrkjelyden er takksame for alle som har stilt opp som vikarar dette året:

Namn	Tittel/rolle	Frå	Gudst	Gravf	Vigsl	Merknad
Kjetil Netland	Prost	Balestrand	22	7	0	Fram til og med 5.juni
Runar Matsui-Li	Sokneprest	Høyanger	6	4	1	jf. .avtale m Sunnfjord prosti
Kjersti Brudvik	Diakon	Balestrand	4	0	0	
Åge Mundal	Pensjonert prest	Stavanger/Fjærlund	3	1	0	
Ole Agnar Helland	Pensjonert prest	Vik/Balestrand	3	0	0	Nattverdsaml. Helsetunet
Tore Brudvik	Diakon	Balestrand	3	0	0	
Andreas Danbolt	Ungdomsprest	Sogndal	2	1	1	
Bjørn Søltnes	Lek gudst.leiar	Leikanger	2	0	0	Julaftansgudstenestene
Ole Kristian Hamre	Prestestudent	Fjell/Bergen	2	0	0	Sommar
Rut Solveig N. Netland	Lek gudst.leiar	Balestrand	2	0	0	Skulegudstenester i mai
Helge Ulvestad	Lek gudst.leiar	Balestrand	1	0	0	St. Olafs, Nyårsaftan
Jan Herland	Lek gudst.leiar	Balestrand	1	0	0	Helsetunet julaftan
Kjell Sæter	Pensjonert prest	Leikanger	1	0	0	Juledag
Trond Kråvik	Lek gudst.leiar	Balestrand	1	0	0	Ung Messe
Stein Arne Larsson	Fengselsprest	Vik	0	2	0	
Vegard Bondevik Lie	Sokneprest	Leikanger	0	2	0	også geistleg medl i soknerådet
Bjørn Magne Hansen	Sokneprest	Solund	0	1	0	jf. .avtale m Sunnfjord prosti
Jostein Skutlaberg	Sokneprest	Vik	0	1	0	
Karen Marie Hovland	Sokneprest	Vik	0	1	0	
Mikael Bruun	Sokneprest	Luster	0	0	1	
Thor Brekkeflat	Vikarprest	Bergen	0	0	1	
TOTALT			53	20	4	

Her ser vi at i alt 21 personar har vore involverte i presterolla for å få i hamn dei kyrkjelege tenestene i 2017. I eit normalår ville talet truleg vore ikring det halve.

4.2 Kyrkjene

Overføring av eigedomar frå Balestrand kommune til Balestrand sokn

Eit hovudprinsipp i den gamle kyrkjelova frå 1897 var at kyrkjebygga var soknet sin eigedom. Det som var meir uklart i den gamle lova var kven som kunne opptre på vegner av soknet og mange stader vart dette kommunen og som regel stod kommunen også oppført som heimelshavar til kyrkjebygg og annan eigedom til kyrkjeleg bruk (t.d. kyrkjegardar). Med nye lover frå 1997 vart soknet sjølvstendig rettssubjekt og skal såleis vere heimelshavar til desse eigedomane. I Balestrand har vi av ulike grunnar ikkje fått rydda opp i dette før. På oppdrag frå rådmannen har kommuneingeniøren på slutten av året starta oppryddinga og det skal inngåast ein formell avtale om overføringa når alt er klart. KA skriv dette i ein e-post 24. november: «Det er verdt å merke seg at overdragelse av kirkelig eiendom ikke handler om at kommunen gir fra seg eiendom til kirken, dette har vært og vil være soknets eiendom, selv om kommunen står oppført som hjemmelshaver. Det er altså oppført hjemmelshaver som endrer seg, ikke de bakenforliggende eiendomsforholdene.»

Parkering ved kyrkjene

Ved «store» gravferder og på julaften og julekonsert vert det fullt på dei vanlege parkeringsplassane og tett med bilar langs vegane kan føre til farlege situasjonar. Det har vore dialog med naboar til kyrkjene for å gjere avtalar om parkering når det er mykje folk. På Tjugum har soknerådet fått løyve til å stå langs gardsvegen ned til driftsbygningane vest for kyrkja og framfor driftsbygningen. Vilkåret er at dette skjer etter avtale og at bilane ikkje står på dyrka mark. Det har ved konfirmasjon og andre høve vore friviljuge parkeringsvakter som rettleier og passar på at plassane vert utnytta godt. På Sæle har det vore dialog med nabo om teigen attmed parkeringsplassen (som kyrkja eig) om ev. få laga ein utvida parkeringsplass her. Det er ikkje gjort nokon avtale, men arbeidet med dette vil halde fram.

Vedlikehald kyrkjer

Balestrand sokneråd har valt eit bygningsutval som har hatt fleire synfaringar og sett opp prioritert liste over naudsynt vedlikehald og laga framlegg til framdriftsplan for dei neste åra. Det vart påpeika fleire presserande behov som gjekk ut over årets budsjett og etter søknad løyvde Balestrand kommune 34.000 kr ekstra til årets vedlikehald ved sin budsjettrevisjon. I laupet av året har dette vore utført:

Mindre reparasjon av taket på Sæle kyrkje

Det vart i desember oppdaga ein taklekkasje på Sæle kyrkje der det kom vatn ned i kyrkjerommet. Utsifting av skada takstein på dognad i februar bøtte denne skaden.

Reparasjon av tårnluker i Tjugum kyrkje

I Tjugum kyrkje er det automatisk ringeanlegg og før ringing vert lukene i tårnet opna frå kontrollpanelet på galleriet. Etter gravferda 6.1.17 vart luka på nordsida ståande open, noko vi fekk fleire meldingar om frå observante sambygdingar. Elektrikar sjekka og skifta sikringar i motoren veka etter. Etter gudstenesta 15.1 stod luka atter open og 17.1 var elektrikar på ny på plass og skifta sikringar og feilsøkte vidare. Løysinga vart ein ny motordel frå leverandør Olsen-Nauen klokkestøperi.

Reparasjon av sinksluser på taket til Tjugum kyrkje

Takslusene i metall på det åttekanta taket på Tjugum var slitne og måtte takast før det gjekk hol. Dette har vore nemnt gjennom fleire år, var høgt prioritert og er no reparerte og måla.

Restaurering vindaug i Tjugum kyrkje – framhald

Fire av dei sju store vindaugo i Nordveggen på Tjugum (med mange vindaugsruter) vart restaurerte med kitting, nye glasruter ved behov og måling. Desse har vore svært dårlege med vassinntrenging på grunn av manglande kitt og måling. Vindaugo i sørveggen var tekne i fjor. Resten bør takast i 2018.

Kitting og måling av vindaug i Sæle kyrkje

Dei store vindaugo oppe i sørveggen i Sæle kyrkje har vore i svært dårleg stand, noko som har vore påpeika i fleire rapportar over mange år. Desse er no er kitta på nytt og måla. Fleire av vindaugo må takast dei komande åra.

Måling av dører/listverk på Sæle kyrkje og utskifting av dårleg materiale

Dei tre dørene, dei brune vegglistene og tak-utstikket over inngangen i vestveggen er måla. Denne veggen var sist måla i 2002 (før jubileet i 2003) og særleg det brune var svært målingsslite. Fleire rotne vindskeier på taket er byte ut.

Utsifting av roten søyle utsett til 2018

Ei roten utvendig søyle i sør-austre hjørne må bytast ut med ei ny (heiltre) i laupet av hausten. Innkjøp av materialar og måling vart gjort i 2017, sjølve arbeidet måtte av ulike grunnar utsetjast til januar 2018.

Det nemnde arbeidet har vore utført av Lidal Vedlikehold og Service AS.

Inventar kyrkjer

Trekk og klimaanlegg for flygel i Tjugum er på plass

Etter tilråding frå pianostemmar er det kjøpt inn trekk og klimaanlegg til flygelet som vart gjeve til kyrkja i 2016. Klimaanlegget ligg innunder flygelet og tilfører fukt dersom lufta vert for tørr og varme dersom det vert for fuktig. Eit formsydd trekk ligg på flygelet når det ikkje er i bruk. Med desse tiltaka er vona å klare oss med årleg stemming og slik spare pengar på sikt.

Innkjøp av organistvarmar til Tjugum kyrkje

Det vart i vår tinga ein liten stråleomn (godkjend for kyrkjer) til Tjugum kyrkje. Denne vert festa på veggen under orgelkrakken og varmar opp lokalt når organisten skal øve. Ein vil slik kunne spare pengar på sikt ved å sleppe å varme opp heile kyrkja når organistar skal øve.

Gratis stemming av orgelet i Tjugum kyrkje 28. august

Organist Robert Newton frå England var på ferie i Balestrand og vitja Tjugum kyrkje ein gong organist Ole Agnar Helland øvde der. Han tilbaud seg då å sjå over og stemme kyrkjeorgelet, ei oppgåve han jamleg gjer i området han bur i England. Han har også stemt andre orgel i Noreg tidlegare. Orgelvedlikehaldet har måtta forskyvast pga presserande behov med tak og vindaug, og vi takka ja tilbodet. I tillegg til stemming, reparerte han også fleire koplingar i orgelet som har vore dårlege. Orgelet lét merkbar betre etter stemminga og organisten var nøgd med at alle koplingane fungerte som dei skulle. Han tilrådde å blende av det runde vindauget for å unngå at metallpipene vart ustemde av sola som skin inn. På hausten og vinteren var det andre piper som «hang» og måtte takast ut av bruk, så orgelet treng nok ein større, teknisk gjennomgang.

Hjartestartar på Tjugum

Tjugum Esefjorden grendelag tok i 2016 initiativ til å kjøpe inn ein hjartestartar og sende førespurnad til Balestrand sokneråd om å få plassere hjartestartaren i eit lokale i tilknytning til kyrkja. Balestrand sokneråd synest det er svært positivt å kunne ha ein hjartestartar lett tilgjengeleg i samband med arrangement i kyrkja og kyrkjestova og støtta innkjøpet med 3000 kroner til liks med fleire andre bedrifter/foreiningar.

Hjartestartaren vart på hausten plassert på personaltoalettet / reservetoalettet i bårhuset ved parkeringsplassen og dette rommet vil stå ope slik at hjartestartaren alltid skal vere tilgjengeleg til å redde liv. Det tyder også at besøkande på kyrkjegarden har tilgjenge til eit toalett. Rommet er merka med eit hjarte på døra og plasseringa er kunngjort i kyrkjelydsbladet.

Nye strømmålarar i kyrkjene

Det er installert strømmålarar med automatisk avlesing i alle kyrkjene og bårhuset i 2017 med unntak av Sæle som trengde ein annan type målar. Soknerådet har lenge også teke ansvar for straumen i engelskkyrkja, ei form for husleige for vår bruk av denne kyrkja. Det er ei stor føremon å sleppe rundane med avlesing i kyrkjene, særleg roturen til Kvamsøy på vinterstid.

Status for restaurering av kyrkjeskipet

I førre årsmelding stod det om kyrkjeskipet frå Kvamsøy kyrkje frå ikring år 1700, som var sendt inn til restaurering i lag med nokre gamle måleri. Arbeidet var bestilt frå NIKU av Riksantikvaren, men vart så sett på vent i påvente av juridiske avklaringar: Det kom klager på at dette arbeidet (og tilsvarande jobbar) ikkje var lyst ut offentleg jf. lov om offentlege innkjøp. Vi vonar dette vert avklara slik at arbeidet kan utførast og vi kan få skipet og måleria attende i kyrkja – helst sommaren 2018, eit år seinare enn forventa.

Forprosjekt på altartavla i Kvamsøy kyrkje

Den 29-30. august var to konservatorar frå Norsk Institutt for Kulturminneforskning (NIKU) på synfaring i Kvamsøy kyrkje. Dei prøvde ut ulike materialar og metodar for festing av laus måling og reinsing av altartavla, som har vorte svært skiten gjennom åra. Dei er eigentleg glade for at ingen har gjort noko med tavla før, fordi mange altartavler har vorte skada etter behandling av ufaglærte. Ut frå rapporten dei skriv med tilråding til framgangsmåte mm, vil Riksantikvaren avgjere om og eventuelt når det kan bli eit større prosjekt med reinsing og restaurering av altartavla.

4.3 Gravplassane

Vedlikehald av gravplassane

Vidareføring av kontrakt for gravplassarbeid jf. opsjon

På Tjugum kyrkjegard og Sæle kyrkjegard vert slått, vedlikehald, snømoking og graving utført på ein god måte av Lidal Utleigeservice etter offentleg utlysing. Inneverande kontrakt starta i 1.4.2016 og vart forlenga med eit år frå 1.4.2017 ut frå opsjon. På Kvamsøy vert graset slege av Bjarne Hjartholm på timebasis.

Dugnader på kyrkjegardane

Trongen for vedlikehald er høgare enn tilgjengelege ressursar. Soknerådet legg difor opp til dugnad 1-2 gonger pr. år på alle kyrkjegardane og oppmodar alle om å delta.

- **Sæle 24.2:** Trerydding i det gjengrodde «skogholtet» soknerådet eig attmed parkeringsplassen på Sæle. Fem-seks personar deltok med Henning Sagevik på motorsag i spissen. Dei som ville, fekk med seg ved heim som løn for strevet.
- **Sæle 1.4:** Rydding av greiner med fliskuttar etter førre ryddedugnad attmed parkeringsplassen der totalt fire personar deltok. Nabo Reidar Sæle stilte med effektiv fliskuttar på traktor og har også rydda litt tre innimellom dei offisielle dugnadene.
- **Sæle 19.4:** Den «offisielle» vårdugnaden på Sæle: Det vart laga ein heilt ny port i hjortegjerdet bak reiskapshuset på Sæle (for tilgang med gravemaskin/traktor). Fjerning av buskar som hadde vakse seg for store langs vegane ned til kyrkja. Fjerning av gravminne frå graver som ikkje skulle festast vidare.
- **Tjugum 25.4:** Reingjering og pussing av den store messinglysekrona frå 1722. Både stillas og talje måtte til for å få den tunge lysekrona sikkert ned. Raking av lauv og greiner på dei fleste gravfelte. Klipping av rododendron rundt gravfelt D, som nyleg er teke i bruk mm. Måling av andre strøket på den nye porten til kyrkjegarden ved kyrkjestova. Lidal køyrde bort hageavfall med lastebilen.
- **Kvamsøy 12.5:** Fekk rydda bort gamle gravsteinar som i mange år har lege både langs, på og utanfor kyrkjegardsmuren. Dugnadsgjengen rydda også to rotvelta tre og stussa busker på kyrkjegarden.

Stell og planting på graver

Sogneprodukt avd. Balestrand tilbyr stell av graver på Tjugum kyrkjegard

Frå 2016 er det Sogneprodukt avd. Balestrand (tidl. Balestrand industrier) som tilbyr stell av graver på gravplassen på Tjugum og kyrkjekontoret administrerer ikkje dette lenger. Pårørande kan då tinge planting og gravstell direkte frå dei. Sogneprodukt er ei arbeids- og inkluderingsbedrift.

Timeløna steller graver på Kvamsøy og Sæle kyrkjegard

Inger Johanne Hjartholm steller graver på Kvamsøy og Sølvi Sæle på Sæle kyrkjegard og her kan ein tinge stell med årleg giro frå soknerådet.

Førehandsbetalt gravstell for fleire år

Soknerådet administrerer framleis førehandsbetalt gravstell (tidlegare kalla gravfond) der pårørande betaler inn ein sum for å dekke gravstell i inntil 20 år framover.

Festeavgifter

Festeavgifter/Gravleige er ei viktig inntektskjelde for gravplassforvaltninga og finansierer administrasjon og vedlikehald av kyrkjegardane. Avgifta i Balestrand har frå 2015 vore kr 150 pr. grav pr. år. I 2017 kom det inn totalt kr 101.000 i festeavgifter, kr 17.000 meir enn budsjettet.

4.4 Kyrkjestova på Tjugum

Kyrkjestovenemnd

Soknerådet har valt ei kyrkjestovenemnd med mandat å vere eit «husstyre» for kyrkjestova med ansvar for retningslinjer for utleige, tilråding av innkjøp av utstyr og utsmykking og å fylgje med på vedlikehaldsbehov.

Retningslinjer og satsar ved utleige av kyrkjestova

I samband med finansieringa av bygget vart det gjort avtale med Balestrand kommune om at innbyggjarane i kommunen kan bruke bygget som livssynsnøytralt seremonilokale. Soknerådet har i samråd med kommunen (møte i formannskapet 2.2.2017) kome fram til ei forståing av kva seremoniar som er aktuelle i denne samanheng: *Overgangsriter / seremoniar knytt til fødsel / namngjeving, overgang frå ungdom til vaksen, ekteskapsinngåing og gravferd*. Bruk av kyrkjestova til slike seremoniar vert prioritert så langt det er mogeleg. Soknerådet har vedteke at førebels er bruk av lokalet etter denne definisjonen utan kostnad. Ved anna bruk av lokale har soknerådet vedteke at samlingar for kyrkjelyden vert prioritert framfor vanleg utleige (t.d. barnesamling og kyrkjekaffi framfor utleige til dåpsselskap). Leigesatsane er sett frå 300 kr (for enkle arr ved lokale lag og organisasjonar som gjer reint etter seg sjølv) til 1500 kr (utleige av lokalet til minnesamvær, årsmølsdagar og feiringar)

Gåver til kyrkjestova

Det har i 2017 kome inn gåver frå privatpersonar til kyrkjestova på totalt 19.600. Etter dekking av innkjøp av inventar og utstyr på totalt kr 6.430 er gåveoverskotet på kr 13.170 avsett til bunde fond for seinare bruk.

Innkjøp av inventar og utstyr

Det viktigaste innkjøpet i 2017 var eit trillebord i stål som vert brukt ved kyrkjekaffi og høver under benken på kjøkkenet. Det er også gjeve eit fint brukt, vegghengt stellebord i gåve som vert hengt opp på toalettet.

5 Statistikk

Utdrag frå den offisielle årsstatistikken som er send Statistisk sentralbyrå (SSB) for 2017.

5.1 Statistikk over medlemsskap / kyrkjelege handlingar

	2017	2016	2015	2014	2013
Medlemer, innmeldingar og utmeldingar					
Medlemer m tilhørige pr.31.12	915	936	963	991	1008
... endring i tal medlemer frå året før	-21	-27	-28	-17	-29
Innbyggjarar i kommunen	1262	1288	1294	1304	1306
Medlemsprosent (medlemer av innbyggjarar i kommunen)	73 %	73 %	74 %	76 %	77 %
Innmeldingar (unnateke dåp)	1	1	1	0	0
Utmeldingar	2	13	0	1	0
Kyrkjelege handlingar					
Dåpshandlingar	6	10	16	14	13
... av desse dåp av personar med bustadadresse i soknet	3	7	10	9	7
Forbøn konfirmantar:	6	17	12	21	14
Vigslar	4	3	9	7	9
... av desse vigslar der minst ein er busett i soknet	0	1	0	1	4
... av desse par utan lokal tilknytting* ("utanbygds" vigslar)	2	1	3	2	3
Gravferder (jordpåkastingar utført av prest i soknet).	20	20	7	13	13

* Definisjon av lokal tilknytting: Minst den eine som ynskjer vigsle bur i Balestrand eller har foreldre buande her.

Kyrkjelege handlingar – dåp og konfirmasjon


Det har vore fleire små kull i 2017 med merkbar færre konfirmantar og dåpsborn. Dette får igjen konsekvensar for gudstenesteframmøte og offerinntekter. Det kan nemnast at to av borna som var døpte i Balestrand i 2017 døpte av anglikanske prestar i ordinære søndagsgudstenester i engelskkyrkja i sommar. Dette kom av familien sitt ynske om å ha dåpen i St. Olavs kyrkjekombinert med mangel på norske prestar/prestevikarar. I tråd med Porvoo-avtalen er dåpen fullt gyldig i Den norske kyrkja, sjølv om han er utført etter Church of England si ordning.

Kyrkjelege handlingar – gravferder

Etter svært få gravferder i 2015, vart tala i 2017 like høge som i 2016 som var det høgaste dei siste ti åra; dei siste tjue åra er det berre 1998 som ligg høgare med 25 gravferder. I statistikken tel ein seremoniar med jordpåkasting ved presten (20), medan det på gravplassen er det sett ned 21 kister/urner. Skilnaden skuldast at personar som har hatt seremoni ein annan stad vert sett ned på ein kyrkjegard i Balestrand – som oftast mot betaling (jf. utanbygds).

5.2 Gudstenestestatistikk

I figuren til høgre, ser vi tydeleg reduksjonen i tal frammøtte ved gudstenestene i 2017, frå gjennomsnittleg 69 i 2016 til gjennomsnittleg 49 når ein ser på gudstenestene på sun- og helgedagar. Det har totalt vore 908 færre personar ved slike gudstenester i 2017 samanlikna med 2016, ein reduksjon på 29 prosent.



	2017			2016			2015			2014			2013		
Type gudsteneste	Delt.tot/gj.snitt			Delt.tot/gj.snitt			Delt.tot/gj.snitt			Delt.tot/gj.snitt			Delt.tot/gj.snitt		
Alle gudstenester (forordna og andre) inkl. skule/institusjon	53	2732	52	53	3424	65	58	3446	59	59	3796	64	58	3815	66
Alle gudstenester på sun- og helgedagar	45	2184	49	45	3092	69	45	3041	68	46	3342	73	45	3249	72
"Forordna" gudstenester	41			41			41			41			42		
Alle gudstenester tidl Tjugum sokn (inkl. skule, institusjon)	39	2067	53	40	2856	71	45	2879	64	44	2935	67	44	3064	70
Alle gudstenester tidl Kvamsøy sokn	14	665	48	13	568	44	13	567	44	15	861	57	14	751	54
1. Gudstenester med nattverd (Deltakarar=Nattverdgjester)	31	1052	34	27	1029	38	29	1038	36	30	1177	39	34	1154	34
3. Familie - og barnegudstenester (Ikkje julaften)	4	297	74	4	299	75	2	216	108	4	474	119	4	290	73
4. Gudstenester for ungdom (ikkje konfirmasjonsgudst)	4	283	71	3	220	73	4	266	67	3	179	60	4	315	79
5. Gudstenester for barnehage- og skoleborn	2	108	54	3	180	60	2	148	74	2	160	80	1	150	150
6. Gudstenester julaften	3	305	102	3	315	105	3	306	102	3	340	113	3	301	100
Andre arrangement															
Konsertar og musikkandaktar*	1	174	174	1	178	178	1	201	201	1	195	195	2	214	107

Samstundes ser vi at gudsteneste-frammøtet heng saman med talet på konfirmantar og dåp: Med berre seks konfirmantar våren 2017 vert det naturleg nok færre personar ved både konfirmasjonsgudstenester og

andre gudstenester enn då det var 17 konfirmantar året før. Med seks dåpar i 2017 vert det færre frammøtte enn med 10 og 16 dåpsfølgje i gudstenestene dei to føregåande åra.

Ein annan faktor som kan ha påverka frammøtet er at vi ikkje har hatt fast prest i siste halvdel av 2017 på grunn av sjukemelding.

Gjennomsnittleg nattverd-deltaking viser ein svakare nedgang enn tal frammøtte og har lege relativt stabilt etter gudstenestereforma frå 2012.

5.3 Offer, innsamlingar og gåver

Offer ved kyrkjer og arrangement

Offerinntektene vart totalt 17.000 mindre i 2017 enn året før. For å kunne halde fram med viktig arbeid for små og store, er kyrkjelyden glade for all støtte og alle som vil vere med på fast gjevarteneste. Sjølv om det har vore færre på gudstenestene, så er det gjeve meir i offer frå kvar person som er til stades.

Det er ein generell tendens at folk brukar mindre kontantar enn før. I Tjugum kyrkje har vi hatt ein kortterminal som har vore litt i bruk i 2017.

Mobilbetalingstenesta Vipps vart tinga på slutten av året, men kom ikkje i bruk før i 2018.

Offer, innsamlingar og gåver	2017	2016	2015	2014	2013
Samla inn ved offer/kollekt ved gudstenester/arr	103 541	120 501	142 450	127 146	134 482
... av dette til eiga verksemd	32 201	35 454	55 087	32 550	42 296
... til eiga verksemd i prosent	31 %	29 %	39 %	26 %	31 %
...gj.snitt per offer	2 408	2 678	3 031	2 957	3 127
...gj.snitt offer per frammøtt (gj.sn framm søn)	kr 49	kr 39	kr 45	kr 41	kr 43
Tal gudstenester/arrangement med offer	43	45	47	43	43
Samla inn ved gjevarteneste (frå 2014 berre FAST gjevarteneste) +Heile summen til eiga verksemd	26 250	20 200	18 600	15 850	28 500
Andre innsamlingar og gåver (Fasteaksjon KN , krkstov, minnegåver, Thorbj.legat, andre gåver)	97 326	122 554	264 335	157 854	159 331
... av dette til Fasteaksjonen	25 770	26 650	26 450	24 770	23 120
... av dette til eiga verksemd (2015 krkstov)	71 556	95 904	236 910	133 084	134 511
... av dette att til kyrkjestova (gåva+TL)	35 640	39 600	175 341	67 569	32 900

Andre innsamlingar og gåver

Fasteaksjonen er nemnd annan stad. Elles er det gjeve enkeltgåver via giro i kyrkjelydsbladet, minnegåver i samband med gravferd, gåver til kyrkjestova, frå 2013 overføring frå Thorbjørnsens legat. Vi har friviljuge bladpengar til kyrkjelydsbladet og bladpengane vert i statistikksamheng rekna som gåve og rapportert til SSB i lag med dei andre gåvene.

6 Økonomi

6.1 Driftsrekneskap – Hovudoversikt

Det vert vist til fullstendig utskrift av «Årsrekneskap 2017» som er tilgjengeleg same stader som årsrapporten. Her er utdrag av hovudoversikt drift (linjer utan posteringar er gøymde).

Rekneskapsskjema - Drift	Rekneskap 2017	Budsj (end) 2017	Differanse	Rekneskap 2016	Generell forklaring
Inntekter					
Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	199 115	164 100	35 000	250 662	Eigendel konfirmantar og MINikonfirmantar, festeavgifter, vigselsavgift, gravferdsavgift, bladpengar, sal av jub.bok
Refusjonar/overføringar	215 340	146 300	69 000	226 759	MVA-refusjon 164' + Ref NAV (løn, sjukep) + Ref frå fellesråd (felles julemiddag), ref for mykje utbet løn
Kalkulatorisk inntekt ved komm. tenesteytingsavtale	20 000	20 000	0	20 000	Tenesteyting rekneskap / løn
Statlege tilskot	275 352	280 000	-4 600	275 352	Trusopplæringstilskot Vik-Balestrand
Rammeoverføring/tilskot frå eigen kommune	1 580 700	1 580 000	700	1 509 000	Hovudfinansiering jf. Kyrkjelova §15
Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	206 743	223 900	-17 200	238 014	Offer, gåver, innsaml (utan bladpengar)
Sum driftsinntekter	2 497 250	2 414 300	83 000	2 519 786	
Utgifter					
Løn og sosiale utgifter	1 204 919	1 166 200	-38 700	1 231 780	Løn, tillegg, ekstrarhjelp, pensjon, arb.gj.avg
Kjøp av varer og tenester	974 162	967 000	-7 200	1 030 511	Kontorutg, mat, porto, tlf., annons, kurs/oppl, reiseutg, husleige, medlemsk, programv, kontorutst, PC, revisjon, forsikr, eigned.avg, vedlikeh, tenestekjøp kyrkjeg., serviceavt, reinv. Tenestekjøp organistvik
Refusjonar / overføringar	226 865	169 400	-57 500	210 523	MVA 164' + til Bdr for prest utanb. vigsle + ref komm renter lån krkstov+ ref til fellesråd Vik jf. trusopplæring
Kalkulatorisk utgift ved komm. tenesteytingsavtale	20 000	20 000	0	20 000	Tenesteyting rekneskap / løn
Tilskot og gåver (ut)	97 286	115 300	18 000	114 697	Utbetaling av * offer til andre,* innsamla til Kirkens Nødhjelp, * ev tilskot til lokale kor/lag. (mindre offer inn=mindre offer ut)
Sum driftsutgifter:	2 523 231	2 437 900	85 300	2 607 510	
Brutto driftsresultat:	-25 981	-23 600	-2 400	-87 724	
Renteinntekter og utbyte = Netto finansinntekter	10 433	23 500	-13 100	12 934	Renteinntekter bank. Lågare rente. Mindre sum på fond jf. brukt på kyrkjestove.
Avskrivingar	132 957	69 300	63 700	132 957	Avskriv. kyrkjebygg, reiskapshus, omreg.plan
Motpost avskrivingar	132 957	69 300	63 700	132 957	Kyrkjebygg, reiskapshus, omreg.plan
Netto driftsresultat	-15 548	-100	-15 400	-74 790	
Interne finansieringstransaksjonar:			0		
Bruk av udisponert frå tidl. år (overskot)	0	0	0	165 043	Mindreforbruk førre år
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	20 000	Vedlikehald Tjugum krk v. budsjettrevisjon
Bruk av bundne fond	25 682	16 400	9 300	134 905	Div. 2016: 100`avsl.offerfond, flaumljos,
Sum bruk av avsette midlar	25 682	16 400	9 300	319 948	
Sett av til disposisjonsfond	0	0	0	87 875	Mindreforbruk førre år
Sett av til bundne fond	34 676	9 900	-24 800	151 362	Øyremerk gáv, Gåve frå offerfond 100`, renter bf inn att fond,
Overført til investeringsrekneskapen	6 565	6 400	200	5 921	Eigenkapitaltilskot KLP pensjonsordning
Sum avsette midlar	41 241	16 300	-24 900	245 158	
REKNESKAPSMESSIG MINDREFORBRUK (OVERSKOT)	0	0	0	0	
REKNESKAPSM. MEIRFORBRUK	31 107	0	31 100	0	Underskot 2017

Tilskot frå Balestrand kommune

Drift: Kommunen sitt ordinære tilskot til soknet si drift i 2017 var kr 1.546.700 (2016 kr 1.509.000). I tillegg fekk soknerådet etter søknad eit ekstra tilskot på 34.000 for å dekke ekstra kyrkjevedlikehald. Totalt kommunalt tilskot vart då **kr 1.580.700**. Tilskotet skal dekke administrasjon og drift av dei kyrkjene og gravplassane i kommunen samt all lovpålagd kyrkjeleg verksemd i tråd med kyrkjelova §15. Løyvinga er ei rammeløyving og soknerådet gjer sjølv budsjettvedtak. I tillegg er det inngått avtale om kommunal tenesteyting som omfattar føring av rekneskap og løn. Tenesteytingsavtalen er verdsett til kr 20.000 (uendra sidan 1997).

6.2 *Investeringsrekneskapen*

I 2017 er einaste føringa ei avsetning av årleg eigenkapitaltilskot knytt til pensjonsordninga i KLP: kr 6.565.

6.3 *Meirforbruk (underskot) drift*

Årsrekneskapen for 2017 viser at driftsrekneskapen kjem med eit meirforbruk (underskot) på kr 31.100 i høve budsjettet. Det er i 2018 framlegg om å dekke inn meirforbruket ved å bruke bundne Tjugum kyrkje gåvefond (kr 7.000) og Sæle kyrkje gåvefond (kr 4.900) jf. relevante innkjøp til kyrkjene i 2017 og resten frå Balestrand sokn disposisjonsfond (kr 19.200).

Her nemner vi nokre av dei større avvika mellom rekneskap og budsjett som saman kan vere med å gje ei forenkla forklaring av resultatet (avrunda til næraste tusen).

Meir-/mindreforbruk skuldast	AVVIK rsk- bud	Forklaring / spesifisering
Stillingar organist og kyrkjetenar	- 55.000	Netto meirkostnad i høve budsjettet for tilsette i kyrkjebygga i 2017 (ført på 4202): LØN inkl. sosiale utgifter, reisegodtgjersle, refusjon sjukepengar og tenestekjøp / honorar til organistar med enkelmannsføretak. Overskriding skuldast m.a.: • 40 % fleire gravferder enn budsjettert (21 mot gj.sn 15) -> fleire timeløna vikarar før 1.5. • nye tilsette i 2017 med lenger ansiennitet (maksimal) • høgare utdanning og lønsgruppe for nyttilsett organist. • større kyrkjetenarstilling frå 1.7: 25 % etter ny utrekning pga reinhald og tenester i alle kyrkjer, andre gudstenestestader og den nye kyrkjestova. • for mykje utbetalt løn pga feil. Ca 5000 av desse kjem inn att i 2018 gjennom avtala lønstrekk.
Lågare rentenivå	-13.000	Lågare renteinntekter enn budsjettert.
Kyrkjegardsarbeid / graving	-25.000	Meirkostnad pga 40 % fleire gravferder enn budsjettert (21 mot budsjettert gjennomsnittleg 15) Soknerådet betaler per grav som vert greven. (Vert delvis dekkja av utanbygds gravferdsavgift)
Straum	-6.000	Høgare straumkostnader enn budsjettert (totalt)
Eigedomsavgifter	-5.000	Oppstart slamtømming septiktank Tjugum (truleg ikkje gjort etter 1994). Større auke i renovasjonsavgift enn budsjettert.
Stilling kyrkjelydspedagog	49.000	Balestrand sokneråd sitt mindreforbruk i høve budsjettet på teneste 4402 skuldast vakanse i stillinga som kyrkjelydspedagog jf. note 13) - er henta frå Balestrand sokneråd sin eigendel.
Festeavgifter	17.000	Større inntekt enn budsjettert på festeavgifter ved feste av grav på kyrkjegardane i 2017. Dette skuldast at fleire enn vanleg valde å feste vidare graver i staden for å la dei gå ut.
Vedlikehald	21.000	Budsjettert vedlikehald. Noko vart rimelegare enn budsjettert, noko vart utsett til 2018.
Ikkje lenger avsett rente til fond	8.000	Renteinntekter ikkje lenger sett av att til bundne fond, sjå forklaring i årsrekneskapen.
Fleire utanbygds gravferder	14.000	Meirinntekt pga gravferdsavgift ved fleire utanbygds gravferder enn budsjettert.
	-30.000	Netto sum av avvika for dei nemnde postane/tenestene/områda

6.4 *Årleg utbetaling frå Thorbjørnsens legat*

Stiftinga **Ragnhild og Egil Steen Thorbjørnsens legat til fordel for Balestrand sokn** (Thorbjørnsens legat) vart oppretta i 2011. Thorbjørnsen var sokneprest i Balestrand på 70-talet og han og kona var barnlause. Stiftinga har ein grunnkapital på kr 1,9 millionar. Utbetaling av årleg overskot til kyrkjelydsarbeid vart på **kr 20.040 i 2017** (kr 27.816,75 i 2016) og soknerådet disponerte heile summen til dekking av lånerenter for kyrkje-stova. Utbetalinga kjem av renteinntekter fråtrekt pålagde utgifter til revisjon og årsgebyr til Stiftingstilsynet.

Det er lågt rentenivå for tida og få gode tilbod om banksparing for bedrifter/organisasjonar. Styret i stiftinga skifta frå 5.1.2017 bank frå Easy Bank (tidl. Verdibanken) med 1,6 prosent rente til Orkla sparebank (tidl. Meldal sparebank) med 1,85 prosent rente. Med grunnkapital på nesten 2 millionar betyr desimalane tusenlappar.



Balestrand sokneråd har valt desse utvala

Dei fleste utvala var valde 12.1.2016. Utval/medlemer er elles lagt til etter kvart.

Faste utval

a) Arbeidsutval (AU)

Oppgåver / mandat: Er førebunde organ for saker til soknerådet og av di utvalet er samansett av soknerådsleiar og minst to rådsmedlemer har AU med heimel i kyrkjelova fått fullmakt til å gjere vedtak på vegner av rådet i saker som ikkje er prinsipielle. Leiar og nestleiar vert valt årleg.

Medlemer:

Soknerådsleiar: Helge O. Ulvestad

Nestleiar: Åshild Alte Sagevik

Geistleg medlem: Kjetil Netland (prost)

Varamedlem: Kari Kvikne

Vara for geistleg medlem: Vegard Bondevik Lie (Leikanger)

Sekretær: Jostein Risa (kyrkjeverje / dagleg leiar)

b) Administrasjonsutval (Adm.utv.)

Oppgåver / mandat: Administrasjonsutvalet (Adm.utv.) er soknerådet sitt partssamansette utval etter Kyrkjelova § 35. Mandat: Skal ta opp spørsmål av personalpolitisk karakter og skal handsame saker som gjeld tilhøvet mellom soknerådet som arbeidsgjevar og dei tilsette, jf. § 10-1 i Hovudavtalen om «Administrasjonsutval/partssamansett utval». Utvalet har fått delegert tilsetjingsmynde.

Medlemer:

Helge Ulvestad (leiar)

Åshild Alte Sagevik (nestleiar)

Varamedlem for arbeidsgjevar: Kari Kvikne

Rut Solveig Nydal Netland

(arbeidstakarrepresentant) (til 15.4.2017)

Ole Agnar Helland (frå 1.5.2017)

Sekretær: Jostein Risa (kyrkjeverje / dagleg leiar)

c) Forhandlingsutval løn

Oppgåver / mandat: Årleg forhandling av løn med kyrkjeverja jf. HTA 3.4.1 ut frå rammer sett av soknerådet. Ev. arbeide med ein "lønspolitikk" på dette området.

Medlemer:

Soknerådsleiar: Helge Ulvestad (leiar)

Nestleiar: Åshild Sagevik

Kommunal representant: Frode Kleppe Holgersen

d) Trusopplæringsutval (TRU)

Oppgåver / mandat: Vere ei støtte for soknerådet og kyrkjelydspedagogen i oppfølging av trusopplæringsplanen i kyrkjelyden frå 0-18 år. I tillegg til planlegging av tiltak og rekruttering av frivillige medlemer har medlemene i TRU også bidrege direkte i fleire av tiltaka i trusopplæringsplanen.

Medlemer:

Kyrkjelydspedagog Rut Solveig Nydal Netland

(også sekretær for utvalet) til 15.4.2017

Kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa frå 1.8.2017.

Anne-Brit Balevik (frå soknerådet)

Helge Ulvestad (frå soknerådet)

Berit Støle – gjekk ut av rådet i laupet av året

Helga Ese Haugen

Lisa Grinde – kom inn

e) Diakoniutval (DU)

Oppgåver / mandat: Diakoniutvalet har ansvar for og tek initiativ til ulike diakonale tiltak i kyrkjelyden. Tilsett diakonimedarbeidar deltek i aktuelle saker.

Medlemer:

Tore Brudvik (frå soknerådet) (leiar og sekretær)

Margot Ryssdal (frå soknerådet)

Ingrid Menes (frå soknerådet)

Per Tusvik

Lin Åm Fuglestad

(Diakonimedarbeidar Louise Nilsson)

f) Redaksjonsutval kyrkjelydsblad

Oppgåver / mandat: Skrive / samle inn stoff og gje ut kyrkjelydsbladet tre gonger i året.

Medlemer:

Kyrkjeverje/dagleg leiar Jostein Risa

Helge Eilifsen

Kjell Helland

g) Bygningsutval

Oppgåver / mandat: Kartlegging av status og vedlikehaldsbehov for kyrkjene i Balestrand og tilhøyrande bygg ved synfaringar. Framlegg til prioritering av vedlikehaldsbehov.

Medlemer:

Helge Ulvestad (frå soknerådet)
Jostein Risa (kyrkjeverje)
Aleksander Dale (som kyrkjetenar) til 30.6.2017
Fisseha W. Andemichael (som kyrkjetenar) frå
1.7.2017
Harald Tjugum
Hans Dale

h) Kyrkjestovenemnd

Oppgåver / mandat: (Både utvalet og mandatet for nemnda vart utvida etter vedtak 3.11.2016.)
Lage retningslinjer for utleige og fylgje opp desse.
Innkjøp av naudsynt utstyr og utsmykking. Setje opp prioriteringar og budsjett for innkjøp og legge fram for soknerådet jf. løyving/innsamling. Fylgje med på vedlikehaldsbehov.

Medlemer:

Helge Eilifsen (leiar)
Tore Brudvik (frå soknerådet)
Ingrid Menes (frå soknerådet)
Kyrkjelydspedagog: Rut Solveig Nydal Netland til
15.4.2017
Kyrkjelydspedagog: Magni Åm Risa frå 1.8.2017.
Kyrkjeverje: Jostein Risa (sekretær)

Arbeidsgrupper / Adhockomitear

i) Utval ved utlysing av kyrkjegardsarbeid som tenestekjøp

Oppgåver / mandat: Fullmakt til å stå for utlysing og til å forhandle på vegner av soknerådet ved utlysing av kyrkjegardsarbeidet i Balestrand med konkurranseforma "Konkurranse med forhandling".

Medlemer:

Helge Ulvestad (soknerådsleiar)
Jostein Risa (kyrkjeverje / dagleg leiar)

j) Nemnd for konfirmantfest 2017

Oppgåver / mandat: Ansvar for program og mat ved konfirmantfest på Nesse sambrukshus
23. april.

Medlemer program:

Kjetil Netland (leier festen)
Jostein Risa (biletserie frå konfirmanntida og tidlegare, kakebestilling)

Medlemer mat/praktisk:

Helge Ulvestad (frå soknerådet) Betasuppekokk.
Malene Sværen Mundal (frå soknerådet)

k) Arbeidsgrupper ved Tid for tru – trusopplæring for vaksne

Oppgåver / mandat: a) Ansvar for mat, leing og praktisk tilrettelegging ved kurrsamlingane «Tid for tru» på Bedehuset Betel våren 2017. b) Ansvar for undervisning ved samlingane

Medlemer mat/praktisk:

Johanna Fagermoen (ansvarleg innkjøp og mat)
Erland Fagermoen
Kari Kvikne
Anne Buene

Medlemer undervisning:

Kjetil Netland (prost)
Gunn Berit Bøthun (lærer Sygna vgs) – Ikkje i 2017

Kontaktpersonar

l) Kirkens Nødhjelp-kontakt

Oppgåver / mandat: Hovudarbeidsoppgåva er å planlegge og gjennomføre Kirkens Nødhjelp sin årlege dør-til-dør innsamlingsaksjon i fastetida i lag med kyrkjeverja.

Kontaktperson: Kjersti Brudvik

Medlemer i kyrkjeleg fellesnemnd

ved samanslåing av Balestrand sokneråd og Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd frå 1.1.2020

Faste representantar

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Björg Anda	Leitev. 3, 6863 Leikanger	47 67 68 93	bjorganda@gmail.com	Leiar
Helge Ottar Ulvestad	Brattland 17, 6899 Balestrand	97 10 60 01	helge.ulvestad@online.no	Nestleiar
Per Hilleren	Middalen, 6856 Sogndal	47 60 75 32	peren@online.no	Medlem
Tore Brudvik	Balalii 10, 6899 Balestrand	45 04 87 15	tobruvi@online.no	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Kyrkjebakken 54, 6856 Sogndal	48 24 30 56	kjello@sogndal.kyrkja.no	Geistleg representant
Øivind Sjøtun Fagermoen	Sjøtunsv. 12, 6899 Balestrand	95 06 72 61	oifager@me.com	Kommunal representant
Jorunn Merete Haukås-Eide	6859 Slinde	40 47 66 82	kyrkjeveerje@sogndal.kyrkja.no	Prosjektleiar

Vararepresentantar

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Einar Skeie	Kaupangsv. 29, 6854 Kaupanger	48 22 09 11	eiske@online.no	Vararepr. for medlemene frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd
Margot Ryssdal	Ulvastad 22, 6899 Balestrand	41 55 19 32	margotry@online.no	Vararepr. for medlemene frå Balestrand sokneråd
Jermod Hausberg	Rygg 11, 5745 Aurland	40 01 65 75	jermod@sogndal.kyrkja.no	Vara for geistleg medlem
Gunnhild Bøyum	Porsmyrv. 13, 6854 Kaupanger	41 56 91 61	g.boyum@kr-rekneskap.no	Vara for komm. fellesnemnd sin repr.

Representantar med møterett, men utan røysterett

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Jostein Risa	Fjærestad 42, 6899 Balestrand	92 06 08 32	kyrkjeveerje@balestrand.kyrkja.no	Kyrkjeveerje, Balestrand
Magny Ugulsvik Bukholm	Stølen 5, 6856 Sogndal	40 47 59 68	magny@sogndal.kyrkja.no	Ass. kyrkjeveerje, Sogndal og Leikanger
Arild Slinde	6859 Slinde	91 77 72 47	arild@sogndal.kyrkja.no	Tilsettereprerentant

Arbeidsutval

Faste representantar

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Björg Anda	Leitev. 3, 6863 Leikanger	47 67 68 93	bjorganda@gmail.com	Leiar
Helge Ottar Ulvestad	Brattland 17, 6899 Balestrand	97 10 60 01	helge.ulvestad@online.no	Nestleiar
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Kyrkjebakken 54, 6856 Sogndal	48 24 30 56	kjello@sogndal.kyrkja.no	Geistleg representant
Jorunn Merete Haukås-Eide	6859 Slinde	40 47 66 82	kyrkjeveerje@sogndal.kyrkja.no	Prosjektleiar

Representantar med møterett

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Jostein Risa	Fjærestad 42, 6899 Balestrand	92 06 08 32	kyrkjeveerje@balestrand.kyrkja.no	Kyrkjeveerje, Balestrand
Magny Ugulsvik Bukholm	Stølen 5, 6856 Sogndal	40 47 59 68	magny@sogndal.kyrkja.no	Ass. kyrkjeveerje, Sogndal og Leikanger

Administrasjonsutval/partsamansett utval

Faste representantar

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Per Hilleren	Middalen, 6856 Sogndal	47 60 75 32	peren@online.no	Leiar
Tore Brudvik	Balalii 10, 6899 Balestrand	45 04 87 15	tobrudvi@online.no	Nestleiar
Arild Slinde	6859 Slinde	91 77 72 47	arild@sogndal.kyrkja.no	Tilsettereprerentant
Jorunn Merete Haukås-Eide	6859 Slinde	40 47 66 82	kyrkjeveerje@sogndal.kyrkja.no	Prosjektleiar

Vararepresentantar

Namn	Adresse	Telefon	E-post	Verv
Helge Ottar Ulvestad	Brattland 17, 6899 Balestrand	97 10 60 01	helge.ulvestad@online.no	1. vara
Björg Anda	Leitev. 3, 6863 Leikanger	47 67 68 93	bjorganda@gmail.com	2. vara
Magni Åm Risa	Fjærestad 42, 6899 Balestrand	46 69 74 76	klped@balestrand.kyrkja.no	Vara for tilsettereprerentant

Vedlegg 3: Oversyn over offer ved gudstenester og arrangement i 2017

Dato	Kyrkje	Takkoffer til	Overført = kontant+kort
8.jan	Sæle kyrkje	Alværa misjonssenter	1 666
15.jan	Tjugum kyrkje	Lyngmo ungdomssenter	2 498
29.jan	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	2 262
5.feb	Sæle kyrkje	Misjonsprosjekt, Romania (DNI)	2 300
12.feb	Tjugum kyrkje	Det norske Bibelselskap	5 167
26.feb	Tjugum kyrkje	Kirkens SOS i Norge	2 926
5.mar	Nesse sambrukshus	Lokalt kyrkjelydsarbeid	2 150
26.mar	Tjugum kyrkje	Sygna vgs	1 798
2.apr	Sæle kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	2 157
9.apr	Fjordtun oppvekstsenter	Norsk Gideon Bibelmisjon	2 532
16.apr	Tjugum kyrkje	Normisjon	3 992
23.apr	Sæle kyrkje	Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag, NKSS, «Laget»	2 401
30.apr	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	2 555
30.apr	Sæle kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	1 328
14.mai	Tjugum kyrkje	Misjonsprosjekt, Romania (DNI)	1 899
17.mai	Tjugum kyrkje	Søndagsskolen Norge	2 334
25.mai	Kvamsøy kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	2 305
28.mai	Tjugum kyrkje	Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM)	1 364
5.jun	St. Olafs kyrkje	Vener av St. Olafs kyrkje	1 824
18.jun	Stølsberg (friluft)	Det Norske Misjonsselskap (NMS)	1 296
9.jul	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	1 406
23.jul	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	1 930
29.jul	Kvamsøy kyrkje	Det Norske Misjonsselskap (NMS) – Ny misjonsavtale i Mali frå 2.halvår	2 505
6.aug	Tjugum kyrkje	Normisjon	1 632
20.aug	Kvamsøy kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	1 550
27.aug	Tjugum kyrkje	Bibelleseringen i Norge	1 897
3.sep	Tjugum kyrkje	Det Norske Misjonsselskap – Misjonsavt. Mali	1 748
10.sep	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	3 435
15.sep	St. Olafs kyrkje	Kristen Idrettskontakt - KRIK	848
24.sep	Sæle kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	1 718
1.okt	Tjugum kyrkje	Alværa misjonssenter	1 524
15.okt	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	2 034
22.okt	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	3 785
29.okt	Sæle kyrkje	Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM)	1 987
12.nov	Tjugum kyrkje	Stefanusalliansen	3 524
19.nov	Tjugum kyrkje	Det Norske Misjonsselskap – Misjonsavt. Mali	3 456
26.nov	Sæle kyrkje	Lyngmo ungdomssenter	1 930
10.des	Tjugum kyrkje	Lokalt kyrkjelydsarbeid	3 586
17.des	Fjordtun oppvekstsenter	Søndagsskolen Norge	2 934
24.des	Sæle kyrkje	Kirkens Nødhjelp	4 306
24.des	Tjugum kyrkje	Kirkens Nødhjelp	4 921
25.des	Tjugum kyrkje	Den Norske Israelmisjon (DNI)	3 371
31.des	St. Olafs kyrkje	Vener av St. Olafs kyrkje	760

TOTALT INNKOME VED 43 OFFER:

103 541